



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 27.05.2014
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 09:00 - 14:00

Øystein Skofteland frå Norconsult deltok og orienterte under handsaminga av kommuneplanen frå kl 09.00 -13.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Knut Moe	SA	Ordfører	
Trond Arild Henriksen	SA	Medlem	
Gisle Heimly	SO	Medlem	Deltok under sak 21-23. Perm frå kl 13.10
Gunnhild Steinsland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Kristin Nådald	SA	Varaordfører	

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Bjørn Helland	SA	Varamedlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Oddvin Neset	ass rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	teknisk sjef	Administrasjon	Møtte i sak 023/14
Øivind Olsnes	rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
021/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
022/2014	Godkjenning av møtebok
023/2014	Høyring - Kommuneplan 2014 - 2025
024/2014	Rekneskap og årsmelding for 2013
025/2014	Tertialrapport nr 1 - 2014
026/2014	Utgreiing om "midtskyss" i samband med endra oppmøtemønster ved Mo skule
027/2014	Søknad om tilskot til utarbeiding av driftsplan og nettside for Modalsvassdraget
028/2014	Region Nordhordland Helsehus IKS (RNH)
029/2014	Høyring Nordhordlandspakken - uttale frå Modalen kommune

Notat frå møtet:

Møtenotater:

Under handsaming av sak 024-029 var det berre fire medlemar til stades.

Rådmannen orienterte kort om Høyringsbrev datert 14.05.2014 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet vedkomande krav til statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma.

021/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

022/2014: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

023/2014: Høyring - Kommuneplan 2014 - 2025

Behandling:

Vurdering av habilitet

I møte den 29.04.2014 vart saka utsett på grunn av ulike spørsmål ved medlemane sin habilitet i høve ulike framlegg i arealplanen. På oppdrag frå formannskapet engasjerte derfor ordføraren advokat Harald Hove til å føreta ei vurdering av habilitetsspørsmåla som vart reist i dette møte.

Notat datert 16.05. 2014 frå advokat Hove vart sendt medlemar og varamedlemar pr. epost den 22.05.14. I møtet gjorde ordførar greie for advokat Hove si vurdering og konklusjon i saka. Hove meiner at det ikkje føreligg noko klar innhabilitet etter Fvl § 6 første ledd, og heller ikkje dette etter ei skjønnsmessig vurdering i høve Fvl § 6 andre ledd. Hans vurdering og konklusjon er at alle personar er habile til å kunne delta i handsaminga av kommuneplanen sin arealdel.

Gisle Heimly var ikkje samd i Hove sine konklusjonar i høve eigen person. I epost datert 22.05. ba han seg erklært innhabil i saka. Dette held han fast på i møtet, også etter ordførar sin gjennomgang av notat frå advokat Hove.

Røysting over habilitet

Øvrige medlemar i formannskapet la Hove si vurdering av habiliteten til grunn og fann at dei

var habil til å handsame planen.

Det vart røysta om Gisle Heimly sin habilitet i saka etter at han forlot møte. Formannskapet sine attverande 4 medlemmer røysta for at Gisle Heimly var habil. Han tok deretter sete att i møtet.

Gjennomgang av framlegg til komuneplanen sin Samfunns- og arealdel

Øystein Skofteland frå Nordconsult føretok ein grundig gjennomgang av føresetnader og framlegg til kommuneplanen sin Samfunns - og arealdel. Innkomne innspel til planen vart gjennomgått og kommentert.

Direktoratet for mineralforvaltning sitt svarbrev datert 16.05.14 vedkomande planstrategien vart delt ut i møtet.

På grunnlag av Skofteland si orientering vart ulike tema (som samferdsel, vasskraftutbygging, sentrumsutvikling og bustadbygging) drøfta i møtet.

Formannskapet konkluderte med at planframlegget skulle slik endrast før den vert sendt på høyring før sommarferien:

- Eit samanhengande område på Otterstadsida av elva vert avsett til framtidig sentrumsareal for utvikling av privat/offentleg tenesteutvikling og bustadføremål. Ref. sentrumsstrategi B i planomtalen sitt kapittel 4.2.3. Areal for offentleg tenesteyting bak rådhuset vert uforandra frå gjeldande plan.
- Areal til bustadføremål langs vegen på Kyrkjeteigen (B-1 i framlegg til plankartet) utgår
- Areal til bustadføremål i Seten (B-2 i framlegg til plankart) utgår, men arealet vert vidareført til formål som i gjeldande plan
- Areal til bustadføremål i Trohaugen (B-3 i framlegg til plankart) skal framleis liggje som bustadområde i høyringsframlegget
- For å leggje til rette for at arealet nord for Mostraumen skal kunne utviklast som ein attraksjon langs fylkesvegen, ønskjer formannskapet at ein endrar arealformålet frå LNF til framtidig grøntstruktur med krav om regulering. Dette for å sikre at dei natur- og kulturhistoriske verdiane som ligg her kan verte formidla og gjort tilgjengelege for alle.

Vedtak:

Konsulenten får i oppdrag å revidere planframlegget i samsvar med formannskapet sine føringar.

Endeleg godkjenning av utlegging til høyring vert å gjere i ekstraordinært møte før ferien.

Behandling:

Rådmannen gav ei kort orientering i møtet.

Samrøystes

Vedtak:

Rekneskapsmessig mindreforbruk i driftsrekneskaper for 2013 vert disponert slik: Kr 2 690 648,45, vert avsett til disposisjonsfond. Kr 100 000 vert avsett til velferdstiltak for tilsette i 2014, rådmannen får fullmakt til å disponere velferdsmidlane.

Årsrekneskaper og årsmeldinga for 2013 vert godkjent slik dei ligg føre.

025/2014: Tertialrapport nr 1 - 2014**Behandling:**

Rådmannen gav ei kort orientering i møtet.

Samrøystes

Vedtak:

Tertialrapport nr 1 – 2014 vert teken til orientering.

Det vert omdisponert kr 300 000 av investeringsmidlar løyvd til Oppgradering mobilsamband til Naudstraumsaggregat til fibernett.

026/2014: Utgreiing om "midtskyss" i samband med endra oppmøtemønster ved Mo skule**Behandling:**

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommunestyre vedtek å gje eit tilbod om fri SFO ved Mo skule framfor å innføre

midtskyss ved planlagt omlegging av oppmøtemønster frå skuleåret 2014/15.

027/2014: Søknad om tilskot til utarbeiding av driftsplan og nettside for Modalsvassdraget

Behandling:

Vedtak om tildelingar av midlar utover kr 100.000 er i fondsvedtektene delegert til Formannskapet.

Samrøystes.

Vedtak:

Modalen kommune løyver inntil kr 277 100,- til Modalen elveeigarlag. Midlane skal nyttast til:

1. kr 143 750,- til utarbeiding av biologisk driftsplan og
2. kr 88 000,- til utarbeiding av organisatorisk del av driftsplan.
3. kr 45 350,- til oppretting av nettside.

Modalen kommune sine vedtekter for forvaltning av midlar til fiske/vilt set slike vilkår for tilsegn og utbetaling av tilskot.

«Inntil 50 % av tilskot kan utbetalast til søkjar når vedtak om løyving er gjeve og tiltak vert starta opp. Utover dette skal søkjar framleggje dokumentasjon for påløpte kostnader i samsvar med budsjett før ytterlegare tilskot vert utbetalt.

Når tiltak/prosjektet er avslutta skal søkjar sende ein kort rapport om gjennomføringa og prosjektrekneskap til Modalen kommune.»

Dekning: Fiskefondet for Modalsvassdraget.

028/2014: Region Nordhordland Helsehus IKS (RNH)

Behandling:

Rådmannen opplyste om at Nordhordland Utviklingsselskap ved dagleg leiar har meldt frå om at det er trong for å føreta nokre presiseringar/endingar i utsendt framlegg til selskapsavtale.

Ordførar gjorde framlegg om at saka vart utsett til revidert selskapsavtale var klar.

Samrøystes

Vedtak:

Handsaming av saka vart utsett.

029/2014: Høyring Nordhordlandspakken - uttale frå Modalen kommune

Behandling:

Ordførar orienterte kort om saka.

Samrøystes.

Vedtak:

Modalen kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 03.03.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.04.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.

Modalen kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyising for desse prosjekta.

Modalen kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Modalen kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidssrette løyising for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.

Modalen kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med Lindås kommune med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:

- vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnellopa, før det andre vert bygt.
- avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
- vurdere finansieringsløyisingar (auka offentleg innsats etc.).
